

Styringsdokument 2013

Helse Vest IKT AS

1. Innleiing	3
2. Helse 2020	3
3. Ressursgrunnlag og resultatkrev.....	4
3.1 Finansieringsmodell	4
3.2 Balansekrav.....	4
4. Styringsbodskap knytt til ansvarsområde for Helse Vest IKT AS.....	4
4.1 Leveransar.....	4
4.2 E-helse.....	5
4.3 Regional samhandling.....	5
4.4 Kvalitet og utvikling.....	6
4.5 Informasjonssikkerheit	6
4.6 Innovasjon.....	7
4.7 Tiltak på personalområdet.....	7
4.8 Regjeringa sin eigarpolitikk	8
4.9 Anna organisasjonsutvikling	8
5. Rapportering	9
6. Vedlegg.....	9

1. Innleiing

Gjennom styringsdokumentet vil Helse Vest RHF gi ein mest mogleg heilskapleg og samla styringsbodskap for 2013. Styringsdokumentet skal klargjere dei premissar og rammer som gjeld for verksemda og inneheld resultatkrava som blir stilte til helseføretaka.

Det er likevel ikkje slik at dei samla krav til Helse Vest IKT AS går fram av styringsdokumentet. Dokumentet utfyller og konkretiserer ei rekkje oppgåver som skal vektleggast og prioriterast. Desse oppgåvene må ein sjå i samanheng med dei mål, rammer og retningslinjer for helsetenesta som går fram av lov og forskrifter, Helse- og omsorgsdepartementet sitt oppdragsdokument for 2013 til Helse Vest RHF og styringskrav frå eigar formidla i føretaksmøtet i Helse Vest RHF.

Helse Vest IKT AS er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF, og skal levere produkt og tenester til helseføretaka på IKT-området. Styringsdokumentet til Helse Vest IKT AS søker å balansere det forhold at Helse Vest IKT AS har eit særskilt og avgrensa ansvar, samtidig som selskapet er ein del av føretaksgruppa i Helse Vest.

Helse Vest IKT AS leverer tenester og system som er kritiske for verksemda til helseføretaka, og har derfor ei særskilt oppgåve i å understøtte helseføretaka ved leveransane sine. Ein viser elles til vedtektene og forretningsplanen for selskapet.

2. Helse 2020

Helse2020 blei etablert som overordna verksemdstrategi i 2007 og revidert i 2011. Strategien med tilhøyrande tiltaksområde er forankra i styra og har heile tida vore grunnlag for årlege prioriteringar og tiltak. Helse2020 beskriv dei samla utfordringane og moglegheitene Helse Vest står overfor dei nærmaste åra med tiltak som er tilpassa dette, og skal vere ein tenleg reiskap for ei kontinuerleg betring av helsetenestetilbodet til befolkninga i regionen. Planen gir retning for utviklinga fram mot 2020, legg grunnlaget for prioriterte tiltak dei neste fire åra og er styrande for ei årleg oppdatering av tiltak og prosjektporteføljen.

Helse 2020 er ein strategiplan for heile Helseregion Vest og legg føringar for utvikling av pasienttilbodet innan spesialisthelsetenesta i regionen. Det er derfor grunnleggjande at visjonen, verdigrunnlaget og dei overordna målsettingane er felles for heile helseføretaksgruppa.

Kvart helseføretak har eit sjølvstendig ansvar for at strategidokumentet blir gjort kjent i organisasjonen. Visjon, verdigrunnlag og målsettingar ligg fast for heile føretaksgruppa og skal danne grunnlag for dei vidare prosessane i kvart helseføretak.

Dei enkelte tiltaka i Helse 2020 skal bidra til å sikre overordna måloppnåing. Vi vil understreke ansvaret verksemdene har for å bidra til gjennomføring av tiltak som sikrar identifisering av gevinstområde og i neste omgang uthenting av desse gevinstane som bidrag til å nå våre felles mål.

3. Ressursgrunnlag og resultatkrav

3.1 Finansieringsmodell

Finansieringa av selskapet er basert på ein prismodell med samanheng mellom aktivitet og kostnader.

Helse Vest IKT AS skal:

- i løpet av 2013 vidareføre/kvalitetssikre arbeidet med ein prismodell som gir betre samanheng mellom aktivitet og kostnader i helseføretaka

3.2 Balansekrav

Helse Vest IKT AS skal:

- sørge for kostnadsrett prising av tenestene inkluderer rett fordeling mellom dei ulike tenestegruppene
- gjennom god verksemdstyring bidra til samordningsgevinstar i føretaksgruppa

Helse Vest IKT AS sitt resultatkrav for 2013 er fastsett til eit resultat på kr 1 mill.

4. Styringsbodskap knytt til ansvarsområde for Helse Vest IKT AS

Helse Vest IKT AS skal sørge for trygg og god forvaltning og drift av den samla systemporteføljen i føretaksgruppa. Helse Vest RHF har også etablert Helse Vest IKT som ein strategisk partner for føretaksgruppa i utvikling og innføring av nye IKT-løysingar. Helse Vest IKT skal vere ein tenesteytar for ytterlegare samordning av IKT i føretaksgruppa.

Leveransane frå Helse Vest IKT skal gi oppleving av auka kvalitet, auka effektivitet, auka kompetanse og betra sikkerheit.

Det er eit aukande fokus på heilskap og samanheng i prosessar både ut frå pasientforløp og ut frå eigne interne arbeidsprosessar. Helse Vest IKT skal bidra til at system- og prosesstøtta for dette, inkludert eigne ITIL¹-prosessar, portefølje, prosjekt og program prosessane, gevinst- og endringsleing samt arbeidet med verksemdarkitektur, test og kvalitet heng godt i saman som eit heile.

4.1 Leveransar

Helse Vest IKT AS skal:

- bidra til betre pasientbehandling gjennom betre samordning av løysingar slik at nødvendig informasjon om pasienten følgjer med gjennom heile pasientforløpet sett frå pasienten si side
- sørge for heilskapleg og effektiv brukarstøtte, service og leveranse til kundane. Den felles tenesteavtala skal vidareutviklast i samarbeid med helseføretaka/kundane gjennom den erfaringa ein vinn ved avtalt levering, oppfølging og rapportering
- sørge for stabil og kostnadseffektiv drift, forvaltning og utvikling av IKT-systema

¹ ITIL, Information Technology Infrastructure Library, beskriv dei ulike områda for arbeidsprosessar hos ein IT-leverandør.

- bidra med kompetanse og ressursar til prosjektporteføljen innan alle fagfelt, spesielt til program- og prosjektleiing og til innføring og endringsleiing av IKT-støtta arbeidsprosessar
- styrke kompetanse og tilgjengelege ressursar innan kritiske område som verksemdarkitektur, endringsleiing og gevinstrealisering både for eigen bruk samt til å bidra i regionalt og nasjonalt prioriterte tiltak
- styrke arbeidet med styring og struktur av den samla informasjonen som blir etablert og forvalta i føretaksgruppa
- vere proaktiv med tanke på å ta i bruk nye teknologiar og løysingar, og bidra i gjennomføringa av den felles tiltaksplanen for innovasjon.
- bidra til å ivareta informasjonssikkerheita i heile føretaksgruppa både i høve til tekniske løysingar og handsaming av personvern og pasientsikkerheit
- sikre god understøtting av Helse Vest sin teknologiplan for 2013-2017

4.2 E-helse

Helse Vest IKT skal arbeide for ei framtidretta utvikling av e-helseområdet ved å medverke til effektiv samhandling, betre ressursbruk, betre pasientsikring og kvalitetsheving i alle deler av behandlingsskjeda. Dette er viktig for å nå måla om heilskaplege helse- og omsorgstenester og ei sterkare pasient- og brukarrolle.

Helse Vest IKT skal, saman med Helse Vest RHF og i samarbeid med Helsedirektoratet og dei andre regionale helseføretaka der det er nødvendig:

- bidra til å følge opp Meld. St. 9: En innbygger – en journal
 - det er her viktig å utnytte moglegheitene som ligg i informasjonsteknologien for å oppnå betre kvalitet, pasientsikkerheit, effektivitet og ressursbruk i tenesta
- bidra til å vidareutvikle tenesta helsenorge.no
- bidra til Norsk Helsenett SF sine prosjekt for meldingsutveksling, bruk av adresseregister (OSEAN) og arbeidet med å utvikle HelseCSIRT (Computer Security Response Team) som skal være helse og omsorgssektorens sitt felles kompetansesenter for informasjonssikkerheit
- bidra til gjennomføringa av regjeringa sitt digitaliseringsprogram «På nett med innbyggerene» og føringane i digitaliseringsrundskrivet.
- bidra til at systemet for uønskte hendingar er på plass innan 15.april 2013 og integrert i det felles avvikssystemet
- legge til rette for betra kommunikasjon mellom eigne helseføretak, og saman med dei andre regionale helseføretaka medverke til å etablere løysingar for rask og føremålsteneleg utveksling av informasjon mellom helseføretak på tvers av regionar.
- Skal arbeide systematisk for å førebyggje, forhindre og avdekke svikt/avvik i dei pasientadministrative systema, og skal bistå i etablering av rutinar for varsling internt i regionane og rutinar for erfaringsutveksling på tvers av regionar.

4.3 Regional samhandling

Den samla prosjektporteføljen skal gi leveransar til støtte for helseføretaka og gjere oss samla betre i stand til å ivareta oppgåvene meir effektivt og med auka kvalitet. Der vi etablerer regionale systemløysingar er det og viktig at vi etablerer tilsvarande regionalt systemeigar- og tenesteansvar for å sikre ei effektiv drift og forvaltning. Det regionale system- og

tenesteansvaret vil avhenge av gode regionale nettverk der også det lokale ansvaret er plassert og gir sitt bidrag til fellesskapet.

Helse Vest IKT skal bidra til ei god utvikling av styringsstrukturen. Vi vil stadig forbedre prosessane også rundt den formelle porteføljestyringa. Styringsstrukturen skal sikre involvering både i prioritering og gjennomføring av prosjektporteføljen.

Det skal setjast av og prioriterast nødvendige ressursar og kompetanse for å sikre at program og prosjekt når sine mål i tråd med dei rammene som blir vedtekne for investeringar og volum i prosjektporteføljen.

4.4 Kvalitet og utvikling

Det er ein føresetnad at det blir arbeidd kontinuerleg med kunnskapsutvikling og kvalitet, og at nasjonale og regionale tiltak som understøttar dette blir følgt opp.

Helse Vest IKT AS skal ha fokus på å:

- utvikle og etablere kvalitetsindikatorar i samarbeid med Helse Vest RHF. Målingar skal utførast regelmessig
- ha metodar, basert på felles regionale prosessar, for å teste og overvake eventuelle svikt i kritiske systemleveransar slik at tiltak vert sette i verk raskt
- halde kvalitetssikra rutinar, prosedyrar og verktøy for tilstrekkeleg testing av nye/endra system før dei vert sett i ordinær produksjon i føretaka
- bidra til å vidareutvikle metodeverket for prosjektgjennomføring for å sikre at prosjekt blir gjennomført og overlevert med tilstrekkeleg kvalitet
- bidra til at rutinar, prosessar, opplæring og IKT-system er med å og gir korrekt medisinsk koding i helseføretaka

4.5 Informasjonssikkerheit

Gjennomarbeidde risikovurderingar skal leggjast til grunn for å oppretthalde nødvendig sikkerheit i IKT-løysingane og tilgangen til desse.

Helse Vest IKT AS må i 2013 arbeide med følgjande:

- leggje til rette for implementering av *helseinformasjonssikkerhetsforskriften*
- sørge for at helseføretaka si sårbarheit ved bruk av IKT-løysingane ikkje overstig akseptabelt risikonivå
- sørge for at personvernet blir ivareteke i samsvar med teieplikta
- bidra til gode regionale prosessar og aktivitetar i sikkerheitsarbeidet
- bidra til nødvendig sikkerheitsvurdering ved innføring av endringar eller nye systemløysingar
- bidra til sikkerheitsvurderingar i forhold til gjennomføringa av den samla prosjektporteføljen
- halde seg oppdatert om det generelle trusselbilde, inkludert førebygging og vern mot virusangrep, jf. ROS-analysen i Helse Vest IKT

4.6 Innovasjon

Overordna mål nasjonalt og i føretaksgruppa:

- Auka forskingsbasert og behovsdriven innovasjon
- Auka implementering av nye produkt, tenester, diagnostikk- og behandlingsmetodar, organisatoriske prosessar og løysingar som bidrar til auka kvalitet, effektivitet, kostnadseffektivitet, samhandling og meir heilskaplege pasientforløp
- Auka innovasjonsaktivitet gjennom bruk av offentlege innkjøp, før-kommersielle avtalar og prosjekt med leverandørindustrien

Mål for 2013:

- Helse Vest IKT skal vidareføre satsinga på innovasjon i tråd med gjeldande tiltaksplanar og føringar

4.7 Tiltak på personalområdet

Verksemda i føretaksgruppa Helse Vest utviklar i samarbeid løysingar for å støtte leiarar og medarbeidarar i deira kvardag. Det er ei rekkje områder som er omhandla i styringsdokumenta i perioden 2007 – 2013 som er langvarige utviklingsprosessar. Dette arbeidet skal halde fram.

Strategisk kompetansestyring

Utdanning, læring og erfaringshausting er grunnpilarar i føretaksgruppa. Det er derfor viktig at kulturen i føretaksgruppa støtter opp om og fremmer desse verdiane. I føretaksgruppa er medarbeidarane den viktigaste aktiva. Ei verksemdkultur som legg vekt på utvikling, kunnskapssøken og erfaring er avgjerande for å trekkje til seg og halde på medarbeidarane i verksemdene.

Helse Vest IKT skal:

- Ta i bruk den til ein kvar tid tilgjengelege teknologien i føretaksgruppa som støtter opp om strategisk kompetansestyring.
- Bidra i utviklinga av området.

Etisk rekruttering og gode rutinar for tilsetting

Føretaksgruppa Helse Vest har som målsetting å etablere beste praksis i rekrutteringsprosessen. I rekrutteringssamanheng har føretaksgruppa etablert ei sjekkliste, «Kvalitet i prosess». Dette er ei liste på elleve punkt som sikrar god dokumentasjon og moglegheit for å etterprøve rekrutteringsprosessen. Føretaka har forplikta seg til å følgje denne sjekklista.

Helse Vest IKT skal:

- Bidra i utviklinga av området.

Leiarrolla

Det regionale helseføretaket har utvikla regionalt program for leiarutvikling. Føretaksgruppa har etablert felles forventningar om leiing og leiarskap. Føretaksgruppa ønsker å utvikle leiarrolla og utvikle verktøy som støttar opp om leiarane.

Helse Vest viser til at prosjektet *Nasjonal plattform for ledelse* er gitt retning for vidare arbeid med leing nær pasientar og brukarar, rammeverk for leing, livsløpsperspektiv på leing og leing i profesjonsutdanningane. Helse Vest viser òg til at det er sett i gang eit arbeid for å samordne krav for leiarar i primær- og spesialisthelsetenesta.

Helse Vest IKT skal:

- Bidra til utvikling, innføring og gjennomføring av felles regionalt introduksjonsprogram for nye leiarar.
- Bidra til utvikling på området, både inter regionale, regionalt og lokalt.
- Delta aktivt i etablering av felles regional leiarhandbok.

4.8 Regjeringa sin eigarpolitikk

I Meld. St. 13 (2010-2011) *Aktivt eierskap - norsk statlig eierskap i en global økonomi* omtales mangfald og likestilling som ein del av samfunnsansvaret.

Helse Vest IKT skal:

- vere kjend med krava til samfunnsansvar, og på områda mangfald og likestilling og fremje samfunnsansvar i heile organisasjonen.

Helse Vest RHF viser til tidlegare føringar om at helseføretaka skal bidra til moderasjon i leiarlønningane og at dei skal vere kjende med og følgje retningslinene for tilsettingsvilkår for leiarar i statlege føretak og selskap av 31. mars 2011. Helse Vest RHF streka under at endringane i retningslinene ikkje opnar for større fleksibilitet når det gjeld tilsettingsvilkår for leiarar i helseføretak. Riksrevisjonen si undersøking av leiarlønningar (Dok. 3:2 (2010-2011)) viser mellom anna at leiarane i dei regionale helseføretaka og helseføretaka har hatt sterkare lønnsvekst enn andre tilsette i føretaka.

Helse Vest IKT skal:

- ha merksemd på forholdet mellom lønnsutviklinga for leiarar og andre tilsette.

4.9 Anna organisasjonsutvikling

- **Kundesenter**
Kundesenteret skal kontinuerleg vidareutviklast til å gi ei enno betre oppleving av kvalitet i tenesta og tilpasse tenestene frå senteret i tråd med dei reelle behova i helseføretaka.
- **Kommunikasjon**
Helse Vest IKT AS skal arbeide for framleis auka tillit og legitimitet. Tidleg dialog med helseføretaka er viktig for å oppnå forankring av tiltak og avgjerder – og for å sikre god kontinuitet i drifta.
- **Juridisk rammeverk, internkontroll og risikostyring**
All verksemd skal planleggast og drivast innanfor gjeldande lover og reglar. Plikta til internkontroll inneber at alle ledd i organisasjonen skal kjenne til relevante lovkrav. Det skal liggje føre god dokumentasjon på internkontroll. Helse Vest IKT skal gjennomføre risikostyring i tråd med retningslinjene i Helse Vest.

- **Innkjøp av varer og tenester**
Helse Vest IKT AS skal delta i og bidra til utvikling av det regionale innkjøpssamarbeidet i Helse Vest og arbeide aktivt og målretta med innkjøpsorganiseringa med sikte på å unngå direktekjøp som ikkje er i samsvar med regelverk og innkjøpsavtaler som er inngått.

5. Rapportering

Metodikk og struktur for rapportering

Det er gjennom arbeidet med heilskapleg styringsinformasjon lagt opp til gjennomgåande heilskapleg rapportering både internt, til styra og til myndigheitene.

Helse Vest har fastsett eigen mal for rapportering til styret, jf. vedlegg 1. Styrerapporteringa er som ein heilskapleg rapport, der både fag, økonomi, medarbeidarar og omdømme er ein del av rapporteringa. Det er viktig at styrerapport er rimeleg einsarta i føretaksgruppa. Føretaka skal i 2013 leggje til grunn ny mal for rapportering.

Månadleg rapportering

Økonomirapportering og annan avtalt rapportering av styringsinformasjon som skjer månadleg skal i 2013 rapporterast etter tidsfristar som vil bli formidla i eige brev. Det er utarbeidd ein eigen mal for rapportering til Helse Vest, jf vedlegget.

Tertialrapportering

Etter kvart tertial skal det rapporterast på styringsdokumentet. Mal for denne rapporteringa vil bli utarbeidd av Helse Vest RHF.

Årleg melding

I medhald av § 34 helseføretakslova skal Helse Vest RHF sende ei årleg melding til Helse- og omsorgsdepartementet innan 15. mars 2014.

Helse Vest IKT AS skal sende ei tilsvarende årleg melding til Helse Vest RHF. Fristen for årlig melding er 15. januar 2014. Denne meldinga skal inngå som underlag for Helse Vest RHF si melding til departementet. Det skal rapporterast på alle krav i styringsdokumentet. Det vil i løpet av 2013 bli sendt ut mal for årleg melding som Helse Vest IKT skal halde seg til.

Årsrekneskap

Heleføretaksgruppa skal avleggje rekneskap i medhald av rekneskapslova. Det er sett eigne fristar for gjennomføring av årsoppgjeret.

6. Vedlegg

Verksemdsrapportering